

Nær folk i heile Alver!

Tryggleik • Trivsel • Utvikling



Senterpartiet
Alver

Valprogram 2023 – 2027



Kjære innbyggjar

Me vil gjerne vera dine tillitsvalde!

Den viktigaste staden i livet vårt, er der me bur. Senterpartiet arbeider for eit solidarisk fellesskap av frie, sjølvstendige menneske, der rettferd, tryggleik og likeverd er berande prinsipp.

Vår visjon:

*Nær folk i Alver kommune
– Levande lokalsamfunn*

Me vil byggja ein attraktiv, open og varm kommune som gjev gode tenester der folk bur. Me vil leggja for gode arbeidsplassar og eit allsidig og sterkt næringsliv.

Alver skal kjenneteiknast av levande bygder, - med Knarvik som eit sterkt regionsenter.

Samfunnsutvikling og styring

Senterpartiet vil prioritera god informasjon om all kommunal verksemd og ta innbyggjarane med på råd ved utforming av alle viktige plandokument i kommunen.

Me vil vera løysingsorienterte og tru mot verdiane våre: likeverd, respekt og tilbod tilpassa lokale behov.

Alver kommune er ein stor arbeidsgjevar og skal ha engasjerte og dyktige tilsette under trygg folkevald styring.

Eit sterkt Senterparti i Alver vil gjera sitt beste for at du skal ha ei trygg framtid. Me vil jobba for trivsel og utvikling i heile kommunen.

Godt val!

Gode oppvekst- og bumiljø er grunnlaget for god samfunnsutvikling

Sp vil arbeida for at alle skal ha trygge og gode bustader. Dette er avgjerande uansett livssituasjon for å kunna fungera godt og kunna bidra i lokalsamfunnet.

Alver Sp vil:

- skaffa rimelege bustader til førstegongs-etablerarar og personar som har vanskar med å koma inn på den ordinære bustadmarknaden
- opne for spreidd bustadbygging og gode og attraktive bustadtomter i alle bygder. I planprosessane skal det stillast krav til bustadtypar av ulike storleik, og bustadfelt med 2-3 tomter skal få fritak frå krav om reguleringsplan
- utvida naustområda i kommuneplanen og sikra ålmenta tilgong til sjø

Bumiljøet i Knarvik

- Alver Sp krev nullutbygging ved Brekkeløypa/Lonena. Naturløypene rundt skal utviklast, haldast godt ved like og må sjåast i eit folkehelseperspektiv
- Kvassnesstemma med nærliggande område skal oppgraderast og utviklast som natur- og friluftsområde
- Alver SP vil leggja press på Statens Vegvesen i arbeidet for ny E39 utanom Knarvik
- Alver Sp vil arbeida for ny gang- og sykkelveg på Hagelsundbrua

Flyktningar og minoritetar

Senterpartiet ynskjer at flyktningar og minoritetar skal kjenne seg velkomne i Alver. Kommunen skal gje god, individuell oppfølging, slik at dei kan oppleve meistring, kjenne seg verdsette og vera i stand til å bidra i arbeidsliv og lokalmiljø på ein god måte. Kommunen må ha god og praktisk retta norskopplæring; på nynorsk og kommunen og næringslivet må bidra med praksisplassar.



Oppvekst

Alle born og unge har rett på ein trygg oppvekst. Tidleg innsats og stor vekt på sosial læring er avgjerande for borna si utvikling i livet. Born og unge skal kunna delta i aktivitetar uavhengig av foreldra si inntekt. Senterpartiet vil halda fast på eit eige utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Familie, born og ungdom og folkehelse

Alver Sp vil:

- ha gode helsestasjonar, som følgjer opp brukarane med trygg og god rettleiing i barne- og ungdomsåra.
- ha ei jordmønteneste som gjev tryggleik i svangerskap, fødsel og barsel.
- at barnevernet skal ha fagleg sterke medarbeidarar og tilstrekkelege ressursar
- at fosterheimar og andre tilbod primært skal gjevast lokalt og med god oppfølging
- utvikla fleire leike- og aktivitetsplassar i nærmiljøet

Barnehage

Alver har eit mangfald av barnehagar. Alle har som mål å levera ei teneste der leik, sosial læring og omsorg må stå i sentrum.

Alver Sp vil:

- ha løpande og fleksibelt barnehageopptak
- at tilsette skal vera fagutdanna, og ha fokus på etter- og vidareutdanning
- setja inn vikarar når pedagogane har planleggingstid
- setja i gong prøveprosjekt med styrking av grunnbemanninga
- at både barnehagar og skular skal ha eit aktivt og medvite forhold til språktrening
- styrka samarbeidet mellom kommunen og dei private barnehagane
- at Prestmarka barnehage vert samla på Solhall, Manger

Skule

Tidleg innsats skal vera rettesnor for å møte elevane sine behov i Alverskulane. Alver skal ha kvalitetsplan for skulen, med mål om fagleg og sosial utvikling. Den enkelte skule og lærar må få fridom til å nytta gode undervisningsmetodar og gje elevane nødvendig tilpassa opplæring. Rapporteringsplikta må reduserast for å auka nærværet med elevane. Senterpartiet forventar at skulane har nulltoleranse for mobbing og sosial utestenging. Vold i skulen skal ikkje tolererast. Eit desentralisert skuletilbod er ein av grunnsteinane i eit livskraftig lokalsamfunn. Skulestrukturen skal liggja fast.

Alver Sp vil:

- at det vert sett tydelege mål og prioriteringar for læring, leik og trivsel i skulen
- styrkja leseopplæringa, då ho er grunnlaget for læring i alle fag
- ha fleire miljøarbeidarar inn i skulen
- at elevane skal ha fysiske lærebøker
- ha mindre skjermbruk i skulen
- at alle elevar skal ha tilgang til gode skulebibliotek
- at rom for kunst og handverk skal ha god standard
- ha på plass fleire samarbeidsavtalar med sikte på tilrettelagt opplæring, slik som t.d. «Inn på Tunet», «Guttas Campus» eller andre alternativ
- at alle elevar skal læra å symja innan utgangen av 4. klassetrinn
- at det skal vera trafikksikre soner rundt skulane

- arbeida for å innføra skulefrukt og leggja større vekt på fysisk aktivitet i skuletida
- at Skulefritidsordninga (SFO) skal ha nok ressursar, slik at alle barn vert sett og høyr
- at skulane skal ha gode og aktiviserande uteområde
- få fortgang i arbeidet med ny ungdomsskule på Frekhaug
- planleggja ny Eikanger skule og setja i gong tiltak for å betra kapasiteten ved Manger skule

Ungdom

Alver Sp vil:

- at ungdomsrådet skal vera eit aktivt og rådgjevande organ
- styrka miljøarbeid, skulehelse-tenesta og ungdomskoordinatorane
- at alle ungdomsskulekrinsar skal ha tilbod om ungdomsklubb
- leggja til rette for eigna lokale for uorganiserte aktivitetar, der ungdommane kan skapa sine egne aktivitetar
- vidareføra MOT-programmet i ungdomsskulen
- halda fram med støtta til «Salto» i Knarvik Senter
- samarbeida med frivillige lag og organisasjonar om «Open hall», også utanom feriane
- styrkja ordninga med Helsestasjon for ungdom
- driva oppsøkjande verksemd der ungdommar oppheld seg for å førebyggja rusmisbruk
- at Skyss prøver ut tilbodet «Hent meg» i Alver, gjerne i samarbeid med drosjeselskap





Helse og omsorg

Vår målsetjing er at alle innbyggjarane skal få den hjelp dei har bruk for på eit så tidleg stadium som mogleg. Det skal leggjast stor vekt på tryggleik for brukarane og støtte til pårørande. Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne må vera aktive og rådgjevande organ. Me vil halda fast på eit eige utval for Helse, omsorg og sosial.

Folkehelse

Folkehelse skal vera ein naturleg del i alt planarbeid. Alver må leggja til rette for at innbyggjarane kan vera i fysisk aktivitet og ta gode val for eiga helse.

Alver Sp vil:

- styrkja tverrfagleg samarbeid mellom kultursektoren og helse og omsorgssektoren
- ha gode tenester for å hjelpa rusmisbrukarar og vidareføre lågterskeltilbod
- bekjempe familiefattigdom
- ha eit breitt og godt poliklinisk tilbod ved Helsehuset i Knarvik
- arbeida for å få fleire spesialisthelsetenester til Knarvik, m.a. røntgen
- arbeida for etablering av eit musikkterapisenter med vekt på tverrsektoriell samarbeid
- at Bergen og Omland Friluftsråd sikrar badeplassar og andre turmål med tilhøyrande parkeringsplass og sanitær-anlegg
- at kommunen bidreg med midlar til utvikling og skilting av turløyper i heile kommunen
- arbeida for å etablere frisklivssentral i Alver

Psykisk Helse

Psykisk helse og psykiske lidningar må avstigmatiserast gjennom openheit, kunnskap og gode helsetenester til den einskilde.

Alver Sp vil:

- ha ei god psykiatriteneste, med lågterskeltilbod og ambulerande tilbod
- tilby varierte buformer for personar som treng tilbod på døgnbasis
- bidra til å skapa møteplassar for personar med psykiske lidningar, gjerne i samarbeid med frivillige organisasjonar
- rusta opp Radøy interkommunale busenter på Manger

Eldre

Alver kommune skal ha ei verdig eldreomsorg. Eldre skal kjenna tryggleik for at dei får tilbod om dei tenestene dei har trong for, slik at livskvaliteten i alderdommen vert god.

Alver Sp vil:

- skapa gode møteplassar for eldre, gjerne i samarbeid med frivillige organisasjonar
- at helsetenesta i Alver legg vekt på kva som er godt, verdig og rett for brukaren
- at omsorgsteknologi vert ei sikker teneste til rimeleg kostnad for brukaren
- at eldre, som ønskjer det, kan bu heime så lenge det er mogleg og kjennest trygt
- ha gode og aktiviserande dagtilbod for eldre som bur heime
- ha ei heimeteneste med god grunnbemanning som sikrar fast tilsette for brukarane
- ha tilpassa butilbod
- ha gode og tenlege avlastingstilbod
- byggja fleire langtidsplassar ved sjukeheimane

Lege, fysioterapi og ergoterapi

Alver Sp vil:

- at alle innbyggjarane i kommunen skal sikrast eit fastlegetilbod
- at innbyggjarane skal ha eit godt tilbod både om rettleiing og behandling frå fysioterapeut og ergoterapeut
- arbeide for å styrke effektiv førebygging innan fysio- og ergoterapitilbodet
- at Alver skal vera ein føregangskommune innan rehabilitering, særleg av slagpasientar
- styrkja tilbodet ved sjukeheimane og til unge med særskilte behov

Menneske med nedsett funksjonsevne

Alver Sp vil:

- at tenestebehov alltid skal vurderast individuelt
- at brukarane kan velja type tenesteyting (t.d. brukarstyrt personleg assistanse)
- at dei sjølv, eller saman med verge, skal velja buform
- ha eit meningsfullt tilbod på dagtid med arbeid eller aktivitet
- vidareutvikla dei opplærings- og arbeidstilboda som finst (Aufera, KIM, Gløde)
- byggja fleire varierte buformer for menneske med nedsett funksjonsevne

Tannhelse

God tannhelse er viktig både for unge og eldre. Senterpartiet meiner det er viktig at den offentlege tannhelsetenesta er desentralisert og at kontora på Lindås, Manger og i Knarvik vert oppretthaldne.





Kommunal infrastruktur

Kommunevegane er nervetrådar i lokalsamfunna. Det er heilt avgjerande både for busetnad og næringsliv at kommunevegane fungerer og at trafikksikringsarbeidet vert høgt prioritert. Alver skal vidareutvikla drikkevassforsyninga og ha høg vasskvalitet og forsyningstryggleik. Alver skal auka satsinga på fornying av vass- og avløpsnettet.

Alver Sp vil:

- ha godt vedlikehald av kommunale vegar, gang- og sykkelvegar
- gjennomføra nødvendig asfaltering, samt sikring og rekkverk på kommunale vegar
- byggja ny brann- og driftsstasjon på Manger
- få til parkeringsplassar ved viktige tur-område
- utarbeida kommunedelplan for vatn og avløp
- gje tilbod om tilskot til vass- og avløpsanlegg i bygder som ikkje har anlegg i dag
- sikra at Holmeknappen kai ikkje vert privatisert
- få på plass tømme-stasjonar for bubilar og fritidsbåtar
- utarbeida ny beredskapsplan og ha ei velfungerande, operativ beredskaps-teneste

Samferdsle

Alver Sp vil prioritera:

- god vegstandard internt i kommunen og til og frå kommunen:
- Vågsbotn-Klauvaneset (E39), ny Alversund bru, tunell Knarvik-Isdal, FV 565 Tolleshaug – Marås (siste del av ringvegen i Nordhordland)
- eit godt utvikla kollektivtilbod både for buss og med fleire avgangar for båtruta til/frå Bergen
- full dekning på infrastruktur til mobiltelefoni og høgfar- tets breiband i heile kommunen

Klima og miljø

Senterpartiet vil ha ei utvikling i Alver med redusert forbruk og auka fokus på gjenbruk og bytteordningar. Alver skal vera ein berekraftig kommune. Det skal løna seg og vera enkelt å ta miljøvenlege val.

Alver Sp vil:

- at Alver kommune skal ha god kompetanse og tilby kunnskapsformidling innan klima og miljø. Det må utarbeidast ein miljøplan og førast miljørekneskap
- Ubåten ved Fedje må opp!
- ta vare på dyrka og dyrkbar jord og bruka ho på ein berekraftig måte
- at Fensfjorden vert halden rein også for framtidige generasjonar sin bruk
- ha nulltoleranse for radioaktive utslipp
- ta opp bildekka som er dumpa i sjøen på Hjelmås
- få på plass nasjonal tiltaksplan for opprydding av ammunisjon og båtvrak i Osterfjorden
- nytta elbilar i kommunal drift der det er mogleg
- at Alver kommune skal vera ein aktiv eigar i NGIR og vidareutvikla gode gjenbruksordningar
- at kommunen stimulerer til gjenbruk/ ombygging av «gammal» bygningsmasse
- ikkje ha etablering av vindmølleparkar i Stølsheimen eller i våre nærområde
- ha godt vedlikehald og stell av sentrumsområda og kommunale bustadfelt
- arbeida for etablering av innfartsparkeringsplassar
- at Skyss skal få i gong prøveprosjekt med ringbuss Frekhaug-Knarvik-Alversund
- ha solceller og andre energisparetiltak på/i kommunale bygg
- at nye område for fritidsbustader skal byggja opp om eksisterande fritidsbustadområde
- ikkje ha utbygging i Midtmarka på Flatøy, som er eit viktig friluftsområde
- klimatilpassing må vera i fokus i all arealplanlegging og i nye utbyggingar





Næringsliv

Alver er ein av dei store industrikommunane i landet, med Mongstad som landets største industriområde, og fleire verksemder spreidd rundt om. Alver skal vera ein aktiv vertskommune for industrien, og vil særleg arbeida for raskt å sikra næringslivet meir elektrisk straum, gjennom nettoppgradering. Alver har eit allsidig næringsliv, med mange handelsverksemder.

Dei fleste bedriftene er små og mellomstore bedrifter. Bygg og anleggsverksemdene er viktige i Alver. Kompetanse og arbeidskraft vert viktige faktorar for næringslivet framover. Alver er ein stor oppdrettskommune, og Sp vil arbeida for ei berekraftig utvikling av denne viktige matproduksjonen som er vår nest største eksportnæring. Alver vil skapa gode møteplassar for næringslivet, i tett samarbeid med næringsorganisasjonane.

Alver Sp vil:

- at kommunen skal vera ein løysingsorientert medspelar for næringsutvikling
- at Alver skal vera eit førsteval for nyetableringar
- at Alver skal ha nok regulerte næringsareal, også sjøareal, tilpassa næringslivet sine behov
- arbeida for fortetting i eksisterande næringsområde
- arbeida for tettare samarbeid mellom biosfæreområdet og næringslivet
- sikra kraftforsyning til eksisterande og ny næringsverksemd i regionen
- leggja til rette for vidare utvikling av Mongstadområdet, med særleg vekt på framtidsretta «grøne» næringar
- få på plass god infrastruktur til næringsområda

- utvikla næringsportal for kommunen
- at Alver kommune prioriterer å kjøpa varer og tenester lokalt
- stimulera gründerar, t.d. gjennom næringsfond
- støtta og bidra til utvikling av ei berekraftig havbruksnæring
- gje reiselivsnæringa ei god utvikling gjennom samarbeidet med Bergen
- at kommunen skal vera aktiv deltakar i prosjektet «Havbyen Bergen»
- utvikla tiltak langs Den indre Farleia, med stor vekt på Lindås sjøsluser, Lyngheisenteret og Utvandringsenteret
- ha gode vidaregåande skular, som gir rett kompetanse til næringslivet vårt
- ha eit aktivt engasjement i samarbeid med m.a. Næringslaget og Industriutvikling Vest
- få til ei betre skilting av kulturattraksjonar og gardsbutikkar

Landbruk

Alver skal ha eit levande landbruk som produserer mat av lokale ressursar i ein av dei største landbrukskommunane i Vestland. Dette medfører eit sterkt jordvern og god arealforvaltning. Landbruket forvaltar også kulturlandskapet vårt, kulturarv og tradisjonar.

Alver Sp vil:

- ha eit sterkt landbrukskontor, med engasjerte, fagleg sterke og kompetente medarbeidarar, som arbeider for å oppretthalda og vidareutvikla landbruksnæringa i godt samarbeid med landbruket sine organisasjonar og eit aktivt landbruksfagråd
- leggja til rette for eit aktivt og bærekraftig jord- og skogbruk og bidra til kompetanseheving innan næringa
- støtta utvikling av tilleggsnæringar i landbruket
- støtta arbeidet mot attgroing av kulturlandskapet
- leggja til rette for parselldyrking





Kultur, idrett, kyrkje og livssyn

Alver skal vera ein kulturkommune som skaper rom for trivsel, livsglede og eit aktivt kulturliv i levande lokalsamfunn. Alver er ein nynorsk-kommune og det må snarast utarbeidast ein språkbruksplan for kommunen.

Kultur og idrett

Kultur og idrett byggjer fellesskap og identitet. Alver kommune må leggja til rette for eit godt og tillitsfullt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Alver Sp vil:

- ha ein vedlikehaldsplan for alle anlegg i kommunen
- sikra areal til idrett- og friluftaktivitetar i heile kommunen
- følgja opp samarbeidsavtalane med idrettsrådet og kulturrådet
- ha gode tilskotsordningar og tilby gratis utlån av skular for lag og organisasjonar
- vidareutvikla utstyrssentralane BUA og opprette BUA i Knarvik/Alversund og på Lindås
- utvikla ordninga med aktivitetkort og friplassar
- vidareføra dei tre frivilligsentralane
- ha gode kulturskuletilbod som er tilgjengeleg i heile kommunen;
 - utan for lang reiseveg

- at kulturskulen skal ha betalingsattsar som gjer tilbodet tilgjengeleg for alle
- ha ei god og desentralisert bibliotek-teneste, oppretthalda bokbussen og gje tilbod til skular og barnehagar
- at kommunen utviklar eit godt samarbeid med kulturbåten «EPOS»
- at planlagt oppgradering av rådhuset på Manger (kulturdelen) vert gjennomført
- sikra kulturarven, utvikla museums-anlegg og få etablert magasin for kulturminne
- følgja opp intensjonsavtalen om bygging av Alverbadet og avklara tomt og arbeida for å realisera eit regionalt kulturhus
- få fortgang i planane for bygging av Osterhallen

Kyrkje og trusliv

Senterpartiet vil vidareføra god økonomisk støtte og ha eit godt samarbeid med kyrkja gjennom Alver kyrkjeleg fellesråd. Andre trussamfunn skal få tilskot etter gjeldande reglar.

Alver Sp vil:

- gje Alver kyrkjeleg fellesråd føreseielege rammer for arbeidet sitt
- ha godt vedlikehald av alle kyrkjer og gravplassar
- at kyrkjeleg fellesråd opprettar minnelundar på gravplassar
- utvida gravplassane ved kyrkjene når det er trong for det
- støtta planane for ei arbeidskyrkje på Frekhaug

Valprogram for Alver Senterparti 2023-2027
vart vedteke i medlemsmøte 25. mai 2023.
Redaksjon: Leif Taule, Olav Steinar Namtvedt og Sara Hamre Sekkingstad.
Trykk: Trykkservice AS
Grafisk utforming: Mai-Liss Sylta Møn
Foto side 2-3, 8-12: Fjord Images/Ola Moen

Kjære veljar

Den viktigaste staden i livet vårt er der me bur. Alver Senterparti vil fortsetje arbeidet med å skape bulyst og trivsel i Alver kommune.

Me har eit framtidsretta og aktivt næringsliv i Alver kommune, og vi har frivillige lag og organisasjonar som skapar trivsel, aktivitet og spennande lokalsamfunn.

Alver kommune skal vere ein føreseieleg og aktiv partner for næringsliv og frivilligheita, slik at dei kan realisere idear, skape meir aktivitet, arbeidsplassar og tilbod i lokalsamfunna.

Me vil utvikla heile Alver kommune. Me har sett retning dei fire første åra, men jobben er lang i frå ferdig.

Får me fornøya tillit, skal me fortsetja å stå på for å utvikla heile Alver kommune!

Sara Hamre Sekkingstad
Ordførar



Kumulert



1 Sara Hamre Sekkingstad
Knarvik, f 1993

Kumulert



2 Liv Hopland Van der Kooij
Vestbygd, f 1960

Kumulert



3 Torgeir Andvik Vikanes, f 1991

Kumulert



4 Olav Steinar Namtvedt
Sletta, f 1947



25 Asgeir Svein Nøttveit
Manger, f 1958



27 Laila Bjørge Ostereidet, f 1967



27 Tonny Andre Dale Flatøy, f 1985



28 Vigdis Villanger Bøvågen, f 1957



29 Jørgen Martin Herland
Hope, f 1976



5 Gunn-Tove Kalnes Skjervheim
Hilland/Alversund, f 1980



6 Sigmund Matias Bødal
Frekhaug, f 1970



7 Vidar Langøy-Jørgenvik
Lindås, f 1973



8 Jon Askeland Sæbøvågen, f 1964



9 Egil Jordgeir Gripsgård
Ådland, f 1961



30 Trond Normann Torvund Tveit/
Vestbygd, f 1971



31 Rosalinn Nøttveit Floen
Sletta, f 1995



32 Ragnhild Rambach Flatekval
Fosse/Frekhaug, f 1987



33 Ingvill Taule
Austmarka/Sæbøvågen, f 1971



34 Monika Soltveit Gabrielli
Sletta, f 1972



10 May-Irene Wergeland
Alversund, f 1971



11 Thore Helland
Lervik/Manger, f 1969



12 Atle Magne Austrheim
Knarvik, f 1961



13 Astrid Anne Fjeldstad
Skjellanger/Rosland, f 1948



14 Arnhild Haugland
Tvete Leiknes/Hjelmås, f 1959



35 Ingrid Sjødal Eidsnes
Eikangervåg, f 1958



36 Kåre Skjelanger
Skjellanger/Rosland, f 1964




37 Lin Tove Thomassen
Manger, f 1973



38 Ragnhild Vesteraas
Knarvik, f 1981



39 Marielle Kvingedal
Bjørnevoll Kløvheim, f 1974



15 Leiv Jan Fosse
Fosse/Frekhaug, f 1951



16 Anne Berit Bø Palmesen
Bøvågen, f 1957



17 Asbjørn Nagell Toft
Alversund, f 1967



18 Maria Seifaldet Pletten
Sletta, f 1985



19 Bente Merethe Sagstad
Litlebergen, f 1965



40 Kjersti Haugland
Bøvågen, f 1949



41 Reidar Øvretveit
Grasdalen, f 1969



42 Siv-Marit Rødland
Lindås, f 1983



43 Øystein Hafnor
Kolstad Manger, f 1988



44 Hilde Kristin Helland
Stranda, f 1969



20 Leif Gunnar Taule
Austmarka/Sæbøvågen, f 1949



21 Nils Gullak
Kvalvågenes Hundvin, f 1952



22 Heidi Røystrand
Kolås Sletta, f 2005



23 Andreas Valle
Feste/Seim, f 1990



24 Kim Andre Vangberg
Frekhaug, f 1986



45 Nils Markus Bakke
Vågseidet, f 1975



46 May Britt Vågenes
Gjerde Sletta, f 1964



47 Sølvi Norunn Gripsgård
Knudsen Myrtveit, f 1946

Me lovar å arbeida hardt og målretta til beste for menneska i heile Alver!

Generelt om kommunen

Alver kommune er den største arbeidsplassen i kommunen. Senterpartiet vil ha ein kommune med ei sterk folkevald styring og god organisasjonsstruktur. Kommunen skal vera løysingsorientert i møte med innbyggjarar og næringsliv. Avgjerder må takast på lågast mogleg nivå.

Alver Sp vil:

- at kommunen opptre slik at innbyggjarane opplever seg sett, inkluderte og respekterte
- at kommunen yter likeverdige tenester til alle innbyggjarane same kvar dei bur i kommunen
- at kommunen skal ha ein kultur der tilsette er engasjerte, trygge og imøtekomande både som tenesteleverandør og lovforvaltar
- at kommunale tenester ikkje vert privatiserte
- ha god dialog mellom leiinga i kommunen og tilsette sine organisasjonar
- at Alver kommune skal vera ein attraktiv arbeidstad, ha gode ordningar for etter og vidareutdanning og ha ryddige arbeidsordningar
- ha fast tilsette vikarar innan basistenestene barnehage, skule, helse og omsorg
- at Alver kommune sjølv skal vera ei aktiv lærlingbedrift med høgt tal lærlingar
- at kommunen skal få fortgang i arbeidet med heiltidskultur
- få etablert ordningar slik at eldre arbeidstakarar får lyst å halda fram i teneste
- at Alver skal vera ein attraktiv arbeidsplass for studentar i praksisperiodar
- at Alver skal tilby fleksible arbeidsordningar for innbyggjarar som har vanskar med å vere i ordinært arbeidsliv

Kommunal økonomi

Senterpartiet vil arbeida aktivt for å få ein sunn økonomi og for at regjeringa skal sikra kommunen økonomisk handlingsrom.

Alver Sp vil:

- halda kommunale tenester på eit nivå der alle får dei tenestene dei har krav på
- vera varsam med å nytta konsulent- og vikartenester
- halda investeringane på eit rimeleg nivå og prioritera godt vedlikehald av kommunale bygg og eigedommar
- ha ein fullstendig gjennomgang av kommunen sin bygnings- og eigedomsmasse. Siktemålet må vera best mogeleg utnytting og kommunale tenester i eigne bygg

Godt val!

Helsing Alver Senterparti

